



Torbjørn Bøen  
Moldekleivmarka 73  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1042 - 14/17095

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
07.11.2014

## Gbnr 27/250 - Orientering om avslutta sakshandsaming

Det vert vist til telefonsamtale av i dag vedkommande søknadshandsaming i samband med oppføring av garasje.

Ved ny gjennomgang av saka vart kommunen merksam på at søknaden fortsatt gjeld tiltak som krev ansvarsrettar, jf SAK10 § 3-1, då den gjeld garasje med målbart loft som ikkje er «mindre enn 1/3 av underliggende etasjes bruksareal». Dette på trass i opplysningar i vårt brev av 13.6.2014 om at slike garasjar må omsøkast av ansvarleg føretak.

Etter nærare vurdering er administrasjonen komen til at det ikkje er riktig å handsame dispensasjonssøknaden i saka heller, all den tid dispensasjonen ikkje er nabovarsla særskild. Mellom anna fordi nabovarslinga av sjølve tiltaket ikkje inneheld informasjon om kva dokument som var vedlagt nabovarslinga av tiltaket. Formelt finn kommunen ikkje grunnlag for fritak av nabovarsling av dispensasjonssøknaden når desse opplysningane manglar.

Kommunen vurderer i tillegg at sidan du no likevel må rådføre deg med ansvarlig føretak i høve til utforming og plassering av garasjen - og dette føretaket skal stå for søknadshandsaminga - er det lite hensiktsmessig å handsame dispensasjonen no. Dette vil kunne pådra deg unødig kostnader ved gebyr.

Både søknaden om tiltaket og dispensasjonssøknaden vert difor returnert deg utan ytterlegare handsaming og saka vert arkivert.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøk Sadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Mottakaren:**  
Torbjørn Bøen

Moldekleivmarka 5918  
73

FREKHAUG